



Skjærseth Åse Elisabeth

TIL OPPSLAG PÅ BARNESKULANE

Dykkar ref

Vår ref.: 20/1066 - 1

Dato: 23.07.2020

Ny ordning - redusert foreldrebetaling og gratis opphald i skulefritidsorningane frå hausten 2020

Frå 1. august innfører regjeringa ei ny ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for elevar i 1. og 2. klasse. Det skal betalast maksimalt seks prosent av brutto løns- og kapitalinntekt. Foreldrebetalinga skal reknast ut frå inntekta til den/dei føresette som har same folkeregisteradresse som barnet. I hushaldet si inntekt skal også inntekta til registrerte partnarar og sambuarar reknast med. Når sambuarar ikkje er mor eller far til barnet skal inntekta til sambuar reknast med når sambuarforholdet har vart i 12 av dei siste 18 månadane. Dersom inntekta er vesentleg endra, kan anna dokumentasjon på noverande inntekt leggjast ved. Søknadsfrist er 31.07. For søknadar mottekne etter denne fristen blir det gjort vedtak gjeldande frå månaden etter søknad med alle relevante vedlegg er motteken. Inntekta skal dokumenterast med **skatteoppgjer for 2019**. (Skattemelding er feil).

Søknadsskjema på www.giske.kommune.no.

Elevar i 5. – 7. klasse med behov for særskilt tilrettelegging har rett på gratis SFO. Foreldre treng ikkje levere søknad om fritak for betaling for dette tilbodet i SFO. Det skal søkjast om plass på ordinær måte.

Med helsing

Gudrid Frøland
konsulent - servicekontor
tlf.: 417 02 346
e-post: gufr@giske.kommune.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



GISKE KOMMUNE

Servicekontoret

Adresse:
Valderhaug 4
6050 VALDERØYA

Telefon:
70 18 80 00

Telefax:
70 18 80 01

Bankgiro:
4202 46 03339

E post:
post@giske.kommune.no